



Årsmelding 2013

KONTROLLUTVALET FOR LINDÅS KOMMUNE

Organisering og møte

Denne rapporten gjeld kontrollutvalet sitt arbeid i tidsrommet 01.01.2013 til 31.12.2013. I denne perioden har utvalet hatt følgjande samansetjing:

Faste medlemmer:

- Øystein Reidar Moldeklev (leiar) - FrP
- Odd Leif Mjøs (nestleiar) - KrF
- Rolf Henning Hegland – FrP
- Unni Andersen Sæbø – Uavhengig
- Anna K. Valle - Sp

Dei tre første varemedlemmene:

- Kåre Østrem
- Kåre Mestad
- Anne Kristin Tonning

Utvalet har hatt 7 møter i perioden og det er handsama 67 saker. Frå og med 01.07.13 er kontrollutvalet sine møte opne på lik linje med andre politiske møte.

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ og det skal føre løpende tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga og sjå etter at der er ein forsvarleg revisjonsordning, på vegne av kommunestyret. Kontrollutvalet rapporterer direkte til kommunestyret.

Kontrollutvalet legg fram eit eige forslag til budsjett for sitt område for kommunestyret, med bakgrunn i plan for revisjonsarbeidet vedteke i kommunestyret. Formannskapet har også fått framlegg til budsjett når dei lagar si innstilling. Kontrollutvalet ser det som naturleg at formannskapet føl kontrollutvalet si innstilling til budsjett slik det skjedde med budsjettframlegget for 2014.

Saker

Kontrollutvalet skal gi ein uttale til rekneskapen. I 2012 er netto driftsresultat 76 mill kr, i 2011 var det ekstraordinært lågt på grunn av premiavviket på 87 mill kr.

Driftsinntektene til kommunen auka med 7,6 % i 2012. Lønnsutgiftene auka langt mindre (3,3 %) og det medverka til at netto driftsresultat vart vesentleg betre.

Kontrollutvalet peika også dette året på at det bør bli meir samsvar mellom budsjett og rekneskap også i investeringsrekneskapen. Kommunestyret si løyving til investering er eittårig og ikkje årsuavhengig. Dette er presisert i brev 07.04.10 frå Kommunal og regionaldepartementet til NKRF.

Kontrollutvalet ser på forvaltningsrevisjon som eit nyttig og avgjerande reiskap for at utvalet skal kunne gjere den jobben som ein er sett til. Det er også viktig at rapportane vert nytta aktivt både av administrasjon og politikarar i kommunen, som eit reiskap for å forbetra og kvalitetssikre tenestene. I planen for forvaltningsrevisjon som kommunestyret har vedtatt så skal følgjande område/prosjekt prioriterast i denne perioden:

- Pleie og omsorg
- Bestillarkontoret
- Barnevern
- PPT



- Vedlikehald av kommunale bygg
- Innkjøp og kontraktsoppfølging
- Oppfølging av tilskott
- Kommunen sitt kvalitetssystem/internkontroll
- Sakshandsaming – byggesaker og plansaker

Forvaltningsrevisjonsrapport om vedlikehald og inneklima i kommunale bygg vart lagt fram for kontrollutvalet i juni. Rapporten viser at arbeidet med å utarbeide ein overordna vedlikehaldsplan må prioriterast. Kommunestyret må få gode grunnlag for å fatte avgjersler på. Det må også sjåast på om dagens rolle og ansvarsfordeling er optimal og det må sikrast at ein har eit forsvarleg vedlikehald for å kunne tilby gode tenester og ein god økonomisk forvaltning.

Kontrollutvalet bestilte ein forvaltningsrevisjon av barnevernet i Lindås kommune. Rapporten vart lagt fram på siste møte i 2013 og den vil bli lagt fram for kommunestyret i 2014.

Det er satt i gong arbeid med følgjande forvaltningsrevisjonar:

- Plan- og byggesakshandsaming – rapport mai
- «Ny brannstasjon» - planlegging og rapportering - rapport april/mai

I planen for selskapskontroll som kommunestyret vedtok er der vedteke å sjå på følgjande selskap:

- Lindås Tomteselskap AS
- NGIR IKS
- Knarvik Industri og Miljø AS
- Eigarstyring

Følgjande prosjektrekneskap er lagt fram for kontrollutvalet:

- Lindås idretts og kulturpark – totalt overforbruk 1,4 mill kr
- Symjebassenget Ostereidet – ingen overskridinger i høve til endeleg budsjett

Andre saker som kontrollutvalet har handsama i 2013:

- Oppfølging av revisjonen sine merknadar til rekneskapen for 2012
- Orientering om kommunen sin økonomiske status
- Tenesteområdet – skule og barnehage – orientering frå administrasjon
- Skatteoppkrevjarfunksjonen – orientering om ansvar og organisering
- Fysioterapi – orientering om korleis eit kommunetyrevedtak der det vart løyvd midlar til å auka tal heimlar er følgt opp
- Ny brannstasjon – orientering frå administrasjon om val av hus
- Tilskott til private barnehagar – kontrollutvalet såg på administrasjon sine vurderingar

Kontrollutvalet er opptatt av at kommunen har gode rutinar og internkontroll på dei ulike områda. Det er viktig for å sikre innbyggjarane gode tenester og at midlane til kommunen vert forvalta på ein god måte.



Lindås kommune

Kontrollutvalet skal sikre at kommunen har ein forsvarleg revisjon. Kontrollutvalet har fått orientering om revisjonen sitt arbeid og revisjonen har lagt fram uavhengighetserklæring.

Utvalet har kalla inn ordførar og administrasjonen for å få nødvendige opplysningar i aktuelle saker.

Knarvik 11. februar 2014

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Øystein Reidar Moldeklev".
Øystein Reidar Moldeklev
leiar